

Sandnesulen

Av Knut Raastad, 2006



Sandnesulen låg ved vatnet mellom Bjørkheim og Ulsanden i Nordherd. Dette var husmannsplass under nordgard Sandnes gnr. 89 bnr. 1, og er nå ein del av hamnlykkja.

I 1850 fekk Engebret Hansen festebrev på plassen Ulen. Ved vigsla er han nemnd som Ingebret Hansen Ringnesset, son til Hans Arnesen Sønstelién. Imbert Hansen 1818-1855 vart 1845 gift med Kari Paulsdr. Haagenstadeie (Rustbrækken) 1819-1869. I 1843 var Imbert nemnd Sønstelién, i 1846 var Imbert og Kari på nordre Valdeie. Imbert og Kari hadde 4 barn:

- Hans f.1843, neste brukar
- Anders f. 1846
- Anne 1851-1852
- Anne f.1853

Hans Imbertsen vart ca. 1870 gift med Rønnaug Nilsdr. frå Lom, i 1875 bestyrer ho plassen for mannen, i 1868 var dei i Lom. Hans hadde med Anne Hansdr. Sandneshagen sonen Hans Hansen f.1867. Med kjerringa Rønnaug hadde han 2 barn:

- Nils Hansen f.1868 i Lom
- Ingebret Hansen f.1871

I 1900 var det berre husmannsenkja Kari Hansdr. f.1826 som var i Sandnesulen, dette var truleg ei frå nördre Sandneshagen.

I 1875 var det i Ulen 1 ku og 4 sauer, medan det vart sådd 3/8 tønne bygg, litt rug og 1/2 tønne poteter.

Kjelder:

- Folketelling 1865, 1875 og 1900
- Utskrifter kyrkjebok for Vågå
- Panteregister, grunnbok